



FYLKESMANNEN I  
MØRE OG ROMSDAL

## Presseinformasjon 8.jan 2013



*Frå Statsborgarseremonien 2012*

*Eit informasjonsdokument utarbeidd for media  
og utdelt i samband med Fylkesmannen i Møre og  
Romsdal sin pressekonferanse 8. januar 2013.*

Molde, januar 2013.

## Innhold

Innleiing .....	2
Om Fylkesmannen .....	2
Eit spanande år i vente .....	5
Helse- og sosialavdelinga .....	7
Kommunal- og beredskapsavdelinga .....	14
Miljøvernavdelinga .....	23
Plan og areal .....	29
Landbruksavdelinga .....	34
Oppvekst- og utdanningsavdeling .....	41
Administrasjon .....	48

## Innleiing

Dette dokumentet er utarbeidd til bruk for presse og media. Dokumentet inneheld oversikt over dei viktigaste sakene og saksområda som Fylkesmannen i Møre og Romsdal har handsama i 2012, samt oversikt over satsingsområder og saker som vil ha særskild fokus i 2013. Sakene er delt inn i etter fagområde. Under kvart tema er det oppgitt kontaktperson som journalistar og andre kan kontakte for meir utfyllande opplysningar og kommentarar. Dokumentet inneheld også generell informasjon om Fylkesmannen i Møre og Romsdal, slik at ein raskt kan få oversikt over Fylkesmannens mandat og oppgåver i samfunnet, og kva som skil Fylkesmannen frå andre offentlige organ.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal håpar og trur dokumentet vil vere til god nytte for media gjennom heile 2013. For utfyllande informasjon, opplysningar om sakshandsaming, tilsette, dokumentsøk og aktuelle nyheiter om Fylkesmannen i Møre og Romsdal, sjå vår nye nettside: [www.fylkesmannen.no](http://www.fylkesmannen.no)

## Om Fylkesmannen

**Lodve Solholm er fylkesmann i Møre og Romsdal. Assisterande fylkesmann er Rigmor Brøste.**

Fylkesmannen er Kongen og regjeringa sin representant i fylket og har ansvar for å følgje opp vedtak, mål og retningslinjer frå Stortinget og regjeringa. Fylkesmannen er dessutan eit viktig bindeledd mellom kommunane og sentrale styresmakter.

Fylkesmannen utfører ulike forvaltningsoppgåver på vegner av departementa. Fylkesmannen kontrollerer også verksemda i kommunane og er klageinstans for mange kommunale vedtak. Fylkesmannen har derfor fagkunnskap på ei rekkje overordna samfunnsområde, og sit på viktig lokalkunnskap. Fylkesmannen skal dessutan sørge for rettstryggleiken for enkeltinnbyggjarar, verksemdar og organisasjonar ved å sjå til at grunnleggjande prinsipp som likebehandling, likeverd, føreseielegheit, handlefridom, habilitet og rettfærd blir sikra i forvaltninga.

- Fylkesmannen er sektorstyresmakt på ei rekkje viktige politikkområde. Som sektorstyresmakt representerer Fylkesmannen fleire departement og underliggjande direktorat og sentrale tilsyn.
- Fylkesmannen er rettstryggleiksstyresmakt som klageinstans for kommunale vedtak og som tilsynsstyresmakt på sentrale velferdsområde som kommunane forvaltar.

- Fylkesmannen er regional samordningsstyresmakt for staten. Fylkesmannen skal blant anna samordne statlege verksemdar og arbeidet deira mot kommunane.
- Som regjeringa sin representant i fylket skal Fylkesmannen arbeide på vegner av og ta initiativ som er til beste for fylket.
- Fylkesmannen skal halde sentrale styresmakter orienterte om viktige spørsmål i fylket og formidle relevant informasjon til kommunale, fylkeskommunale og statlege organ.

Fylkesmannen har òg oppgåver for Kongehuset. Fylkesmannen er administrativt underlagd Fornyings-, administrasjons- og kyrkjedepartementet.

## Verdiar

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har som sin visjon: **Ei trygg framtid for folk og natur.**


Fylkesmannens kjerneverdiar er: **Rettferdig, kompetent, open og engasjert.**

## Organisasjon:

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har 133 tilsette og er lokalisert i Fylkeshuset i Molde. Fylkesmannsembetet er organisert i fem fagavdelingar og ein stabseining. Dei fem fagavdelingane er:

- kommunal- og beredskapsavdelinga
- helse- og sosialavdelinga
- landbruksavdelinga
- miljøvern- og utdanningavdelinga
- oppvekst- og utdanningavdelinga

## Organisasjonskart



## Kontaktinformasjon:

Besøksadresse: Julsundveien 9, 6414 Molde

Postadresse: Fylkeshuset, 6404 Molde

E-postadresse: [Fmmr.Postmottak@fylkesmannen.no](mailto:Fmmr.Postmottak@fylkesmannen.no)

Sentralbord: 71 25 84 43, Faks: 71 25 85 10

Telefon fylkesmann Lodve Solholm: 71 25 84 41/41515524 [lodve.solholm@fylkesmannen.no](mailto:lodve.solholm@fylkesmannen.no)

Assisterende fylkesmann Rigmor Brøste: 71258414 [rigmor.broste@fylkesmannen.no](mailto:rigmor.broste@fylkesmannen.no)

## Pressekontakt:

**Kommunikasjonsrådgivar Vidar Ryther Myklebust, tlf 71 25 84 19 / 918 28 322,**  
[vidar.myklebust@fylkesmannen.no](mailto:vidar.myklebust@fylkesmannen.no)

## Eit spanande år i vente

*Av fylkesmann Lodve Solholm*

**2012 er historie og vi kan opp summere året som noko roligere enn 2011, men likevel med nokre spesielle hendingar. 2013 vil bli eit spanande år for Fylkesmannen i Møre og Romsdal.**

For oss i embetet så har etteraskten etter Dagmar sine herjingar i romjula 2011 prega arbeidsoppgåvene også i 2012. Eg har lyst til å seie at når ei slik hending råkar oss så er kommunane -flinke til å handle. Dei kunne vere betre i førebuingar, men dei gjer ein god jobb for innbyggjarane sine når dei må. Det er ikkje på det kommunale nivå ting sviktar ved slike høve, det er alltid lenger oppe i systemet. Det er eit tankekors for meg. Det verkar som kommunane no tek planlegginga og ROS-analysane meir på alvor enn tidlegare, og dei er betre budde om det skulle kome ein slik orkan til.



I høve dei ufattelege hendingane 22. juli 2011, så sette eg ned det vi kallar ei ressursgruppe for å fylje opp dei som vart råka av desse hendingane. Den vart samansett av Ap, AUF, både den nasjonale- og lokale støttegruppa, fylkeskommunen ved utdanningssjefen, helseføretaket, KS og oss her i embetet, ved fylkeslegen, ein rådgjevar frå helseavdelinga, fylkesberedskapssjefen, utdanningsdirektøren og meg sjølv. Vi har hatt møte ein gong i månaden. Føremålet med gruppa var å fylje opp dei som vart råka, og sjå til at dei fikk den hjelp dei burde få. Så langt verkar det som dei fleste har fått tilfredstillande oppfølging. Vi såg og at rettsaka gjorde at ting kom svært nær igjen for mange, og enkelte trengte meir oppfølging. Det er å vone at det no stilnar, men vi veit at dette kan ta lang tid. Vi ser at ting går betre, men som sagt vil dette for mange ta tid. Vi ser at det framleis er behov for gruppa, men vi har bestemt at det for 2013 vert møte i gruppa ein gong i kvartatalet.

2012 var første året i Samhandlingsreformen og ny folkehelselov. Hovedmålet er å fremme helse og førebygge sjukdom slik at færre trenger helsehjelp. Fylkesmannen skal saman med fylkeskommunen følgje opp regjeringa si satsing på å styrke det lokale folkehelsearbeidet i kommunane, skape gode oppvekstvilkår og utvikle helsevennlige samfunn.

Elles så har embetet fått ny assisterande fylkesmann. Rigmor Brøste starta i stillinga 1. juni 2012. Eg vil i den samanheng takke avtroppande assisterande fylkesmann Kjeld Brecke for den store arbeidsinnsatsen han har lagt ned i embetet gjennom alle år frå han først starta i 1974 og fram til han gjekk av som pensjonist no ved årsskiftet.

2013 blir eit spanande år for Fylkesmannen. Den nye verjemålsreforma skal vere gjennomført til 1. juli 2013. Dette er ei stor oppgåve og ei viktig reform. Eg vonar at alle dei verjene og hjelpeverjene som gjennom mange år har gjort ein framifrå jobb, vil halde fram no når Fylkesmannen tek over ansvaret.

Fylkesmannen startar i 2013 opp ei treårig satsing på barn og unge. Prosjektet «**Betre oppvekst**» omfattar alle barn og unge, og er ei tverrfagleg satsing i embetet, med samarbeid opp mot kommunar og fylkeskommunen. Vi vil også inkludere andre statlige etatar i denne satsinga, og målet er å få alle til å planlegge og gjennomføre tiltak som vil gje betre oppvekst for barn og unge i Møre og Romsdal.

Eg vil og nemne at embetet startar opp med eit pilotprosjekt saman med KS om oppfølging av ROBEK kommunar. Føremålet er å hjelpe kommunane å kome seg raskare ut av ROBEK og få orden på økonomien sin.

Møre og Romsdal er eit fylke i rivande utvikling, og næringslivet går så det susar. Fylkesmannen vil vere medspelar saman med kommunane i arbeidet med utvikling av gode lokalsamfunn i Møre og Romsdal.

Så får vi vone at vi lukkast i arbeidet med å vere den medspelaren vi ønskjer å vere, slik at vi i fellesskap med alle andre aktørar, kan skape eit Møre og Romsdal som er godt å bu i for alle.

### **Om Lodve Solholm:**

*Lodve Solholm er født 1949 i Vestnes. Solholm blei fylkesmann i oktober 2009. Solholm er utdanna lærar. Han blei vald inn på Stortinget for Framstegspartiet i Møre og Romsdal og var der til saman 16 år i periodane 1989–1993 og 1997–2009. Solholm var medlem av ulike politiske utval frå 1977. Han var president i Lagtinget frå 2001 til 2005.*

*Lodve Solholm har desse verva:  
Styremedlem Sameiet Gideonvegen, Molde*

## Helse- og sosialavdelinga

**Leiar: Fylkeslege/direktør Christian Bjelke tlf. 71 25 86 39 / 901 08 140, [christian.bjelke@fylkesmannen.no](mailto:christian.bjelke@fylkesmannen.no)**

Frå 2012 er alle oppgåvene til avdelinga organisert hos Fylkesmannen. Statens helsetilsyn som tidlegare hadde leiinga av tilsynsoppgåvene er nå fagleg overordna Fylkesmannen. For avdelinga har dette lite



praktiske konsekvensar. Specialisthelsetenesta er nå også ein del av Fylkesmannen i Møre og Romsdals tilsynsansvar saman med fylkesmennene i Trøndelagsfylka.

Avdelinga har i 2012 hatt systemtilsyn med kommunar om tvang, med sosiale tenester i Nav, med barneverntenesta og tilsyn med sjukehusa knytt til kreftbehandling, røntgentenesta og reumatologitilbodet. Klagesaksbehandlinga viser ingen stor auke, og førarkortbehandlinga har stabilisert seg på om lag same høge nivå som 2011.

Avdelinga har halde fleire kurs, konferansar og nettverkssamlingar, samt delteke med innlegg i andre. Omsorgsplan 2015 som nå og er ein viktig del av samhandlingsreforma er fortsatt ein viktig del av arbeidet i avdelinga.

*Specialisthelsetenesta er no ein del av Fylkesmannens tilsynsansvar.*

### Styrka folkehelse

Hovudmål er å fremme helse og førebygge sjukdom slik at færre treng helsehjelp. I 2012 kom folkehelselova. Lova medverkar til å styrke kommunane si evne og kapasitet til å handtere dei ulike utfordringane dei står overfor i folkehelsearbeidet. Kommunane skal identifisere utfordringane sine gjennom oversiktsarbeid som skal forankrast i planar og nyttast i utvikling av lokalsamfunnet. Oversikta skal gi kommunane grunnlag for sjølv å prioritere målretta arbeid med folkehelse, både på kort og lang sikt. Det skal vektleggast ei sterkare satsing på førebygging som ein viktig del av den nye kommunerolla.

Ei nasjonal kartlegging i desember 2011, viste at dei fleste kommunane ikkje hadde utarbeid oversikt og identifisert utfordringane. Slik fylkesmannen ser det er dei fleste kommunane i fylket i startgropa med

oversiktsarbeidet. Kvart år frå 2010 har alle kommunane fått samhandlingsmidlar til å arbeide med oversikt over lokale utfordringar på folkehelse og styrke førebyggjande tenester. 14 kommunar har i tillegg fått midlar til å opprette frisklivssentral. 8 kommunar har til no opna frisklivssentral. Fylkesmannen har i 2012 hatt fokus på folkehelsearbeidet med kurs, konferansar, opplæring, rådgiving, også i samarbeid med andre aktørar.



*Auka fokus på folkehelse.*

**Kontaktperson : Seniorrådgivar Marie Eide tlf. 71 25 86 44**

## **Fleire får barneverntiltak**

Barneverntenesta i kommunane har blitt styrka gjennom statleg øyremerka midlar. Fylkesmannen fordelte i 2012 midlar til 3,6 nye stillingar. Desse kom i tillegg til 20 stillingar som vart tildelt året før. Barneverntenesta har også fått tilskot til å styrke kompetansen gjennom midlar frå Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet.

Styrkinga har vist resultat: fleire barn får barneverntiltak, fleire har lovpålagd plan for tiltaket, fleire får oppfølging i samsvar med regelverket og det er fleire barnevernundersøkingar som vert gjennomført innan tidsfristen. Det er likevel framleis manglar ved saksbehandlinga i kommunane. Det er også behov for fleire og betre tiltak til born med behov for det.

I 2013 skal det satsast vidare på å styrke barnevernet gjennom midlar til 13,1 nye stillingar og 1.7 mill kroner til kompetanseheving til kommunane i Møre og Romsdal.

Fylkesmannen gjennomførte i 2012 tilsyn med 3 barneverntenester. Det vart avdekt avvik (lovbrot) i alle tre tenestene. Kommunane har no laga plan for korleis dei skal rette opp desse forholda og dei er alt i gang med dette arbeidet.

Møre og Romsdal har 6 barneverninstitusjonar. Det vart gjennomført 2 til 4 individtilsyn ved kvar av institusjonane.

**Kontaktperson: Seniorrådgivar Eli Karin Walle, tlf. 71 25 84 58**

## Rusutfordringar for kommunane

Rusfeltet har dei siste seks åra hatt eit særskilt nasjonalt fokus gjennom Opptrappingsplanen for rusfeltet. Det viktigaste verkemiddelet har vore tilskot til kommunalt rusarbeid. 72 mill kroner har gått til dette føremålet i Møre og Romsdal i perioden 2008 -2012. Tiltaka har variert frå førebyggjande arbeid for barn/ungdom til lågterskel helsetilbod til rusmisbrukarar. I 2007 mottok 6 kommunar tilskot, mens det i 2012 var 25 kommunar som mottok tilskot. Fylkesmannen er nøgd med at kommunane har vore aktive og utvikla det kommunale rusarbeidet.

St.melding 30 «Se meg! En helhetlig rusmiddelpolitikk» kom i juni 2012. Meldinga peiker ut kursen for den nasjonale ruspolitikken etter at opptrappingsplanen no er avslutta. Den viktigaste budskapet i meldinga er at kommunane sitt rusarbeid framover skal vere ein del av folkehelsearbeidet. Det blir lagt stor vekt på kommunane sitt ansvar for å forvalte reglar og lover knytt til sal og skjenking av alkohol. I tillegg er det eit tydeleg mål at personar med rusproblem skal motta tenester frå det ordinære helse- og

omsorgstilbodet og NAV, på lik line med andre pasient- og brukargrupper.

Tilskot til kommunalt rusarbeid er avvikla og går frå 2013 inn som ein del av rammetilskotet til alle kommunane i landet. Midlar til kommunalt rusarbeid vil såleis gå til alle kommunar og det skjer uavhengig av om dei har motteke øyremerka tilskot tidlegare. Fylkesmannen ser at det kan bli ei utfordring for kommunane å oppretthalde dei gode tiltaka som er igangsette når midlane går frå øyremerka tilskot til rammetilskot og beløpa er mindre enn det som tidlegare var løyvd som tilskot.

**Kontaktperson: Rådgivar Anne Mette Nerbøberg – tlf. 712 58528**

## Tilsyn avdekkar ulovleg tvang

Pasient-og brukerrettighetslova kapittel 4a gir helsepersonell høve til å yte helsehjelp til pasientar som motset seg hjelpa. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2012 gjennomført tilsyn med tvungen helsehjelp i to kommunar. En finn ved tilsyn at pasientar vert haldne tilbake i form av låst dør i sjukeheim, utan at pasientane sin samtykkekompetanse er vurdert og utan at det er fatta vedtak slik pasient- og brukerrettighetslova kapittel 4A krev. Det er funne eksempel på halding under stell, skjulte medisinar i



*Rusførebyggjande tiltak er ei utfordring for kommunane i Møre og Romsdal.*

mat/drikke og bevegelsehindrande tiltak med blant anna bord framfor stol, sengehest, belte i stol, ringesnor festa til skjorte, dette utan at det er fatta vedtak etter pasient- og brukerrrettighetslova. Det er også funne eksempel på at pasientar får beroligande medikament for å hindre at uro skal spreie seg i avdelinga.

I 2012 mottok fylkesmannen 158 (pr. 14.12.2012) vedtak om tvang frå kommunar eller sjukehus i Møre og Romsdal. Dette er ei liten nedgang frå året før. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har grunn til å tru at det er underrapportering på området og at det vert nytta ulovleg tvang på sjukeheimar i Møre og Romsdal. 11 av kommunane har vi ikkje høyrte frå i 2012 når det gjeld dette området, og det er mange kommunar vi har fått svært få vedtak frå. I beste fall kan dette bety at det ikkje vert nytta tvang, men det er nok meir sannsynleg at regelverket ikkje er tatt i bruk. Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2012 sendt ut brev til alle kommunane med informasjon om det aktuelle regelverket.

Fylkesmannen i Møre og Romsdal vil ha fokus på området gjennom ulike tilsynsaktivitetar også i 2013.

**Kontaktperson: Rådgivar Guro Sæther Hollingsholm tlf 71258651**

## Samhandlingsreforma i rute

Reforma begynte å virke frå 2012. Fylkesmannens oppgåver er å overvake og å understøtte reforma. Vårt inntrykk er at innføringa så langt går greitt. Vi har fått nokre bekymringar og klager, men dette gjeld stort sett enkelttilfeller. Vi vil fortsatt ha stort fokus på volum og kvalitet på tenesta til pasient og brukar. Sjå også avsnittet om folkehelseutfordringar.

**Kontaktperson: Seksjonssjef Marit Hovde Syltebø, tlf. 71 25 85 40**

## Kommunar utan tilgjengeleg fastlege

Fastlegeordninga sitt formål er å sikre at alle får nødvendige allmennlegetenester av god kvalitet til rett tid, og at personar i Norge får ein fast allmennlege å forholde seg til. Frå 01.01.13 trådte ny fastlegeforskrift i kraft. Av den går det fram at kommunane skal sørge for at personer som oppheld seg i kommunen får tilbod om nødvendige allmennlegetenester. Dette medfører at kommunen må sørge for at det er nok legar som deltar i fastlegeordninga.

Fylkesmannen har mottatt fleire henvendingar frå pasientar og helsepersonell som peikar på at det enten ikkje er ledige fastlegar i kommunen eller at det berre av og til er ei liste tilgjengeleg.

Fylkesmannen vil påpeike at retten til fastlege også gjeld asylsøkarar og deira familie når dei er medlemmer av folketrygda

I Møre og Romsdal er det registrert 243 fastlegar, av desse er det 69 lister (pr. 04.12.10) som er åpne. Det er kommunar som ikkje har tilgjengelege fastlegar, og det er mange kommunar som har svært få tilgjengelige plassar på fastlegelistene. I mange tilfelle er det reelt sett ingen valgmulighet da det er kun ei åpen liste i kommunen.


Fylkesmannen ser med bekymring på at det er så vidt marginal fastlegekapasitet i kommunane i fylket. Enkelte kommunar har som nemnt ikkje åpne fastlegelister, noko som følgeleg ikkje er i tråd med helselovgivinga. Fastlegen er ein «joker» i samhandlingsreforma, og dette føreset at kommunane planlegger framtida med dette i mente.

I fastlegeforskrifta framgår det og at fastlegen har plikt til å delta i kommunal/ interkommunal legevaktsordning. Fritak frå plikta til legevakt kan gis når legen av helsemessige eller vektige sosiale grunner ber om det. «Det gamle avtaleverket» gav fastlegane rett til fritak frå legevaktarbeid ved fylte 60 år dersom dei ønska dette. I fastlegeforskrifta som trådde i kraft frå nyttår er denne aldersgruppa endra til 55 år.

**Kontaktperson: Ass. fylkeslege Cato Innerdal, tlf.:71 25 86 36, 926 21 245**

## **Fastlegane - alder er ei utfordring**

Av Helsedirektoratets fastlegestatistikk frå 2011 går det fram at gjennomsnittsalder for fastlegar er 48,5 (ei auke på 2,5 år frå 2001). Andelen av fastleger i aldersgruppene < 30 år, og 30-39 år har vore stabilt, medan utviklinga i dei to eldste gruppene kan illustrerast av følgjande figur:



Som tabellen viser er i overkant av 33 prosent av fastlegane over 55 år. Ein del av desse deltar heller ikkje i dag i legevakt. Det er for øvrig ei større gruppe som potensielt vil kunne gå ut av legevaktsordninga med den nye fastlegeforskrifta. Henvendinger til Fylkesmannen har peika i retning av at fleire kommunar i løpet av de næraste åra ikkje vil klare å oppretthalde eiga legevaktsordning.

Legene som nå vil kunne fritas frå legevakt har mykje erfaring og kompetanse. Fylkesmannen ser med bekymring på dei konsekvensar dette vil kunne ha for kvaliteten i legevaktstenesta. Det vil vere sentralt å ha rammer for legevaktstenesta som i størst mulig grad hindrar at desse legane sluttar å «kjøre legevakt». Fylkesmannen vil også oppfordre kommunane til å ha planlegge framtida med dette i mente.

**Kontaktperson: Ass. fylkeslege Cato Innerdal, tlf.:71 25 86 36, 926 21 245**

## Meir fokus på rus hos helsepersonell

Fylkesmannen har i løpet av de siste to årene hatt eit ikkje ubetydelig tall bekymringsmeldingar (5-10) som handlar om rus hos helsepersonell. I dei aller fleste av desse tilsynssakene har det blitt

avdekt pågåande rusbruk/rusmisbruk. Sakene har derfor blitt oversendt Statens helsetilsyn for vidare handtering.

4. mai 2012 ble endringar i reglene om plikt messig avhald for helsepersonell satt i kraft.

Endringane tydeleggjer det generelle forbodet mot å vere rusa i arbeidstida.

Etter forskrifta kan arbeidsgivar eller Fylkesmannen pålegge helsepersonell å avlegge rusprøver ved mistanke om inntak av rusmidlar i arbeidstida, og også ved mistanke om at rusmidlar er tatt før arbeidstida begynner.

Med forskrifta er det i tillegg innført eit forbod som gjeld for helsepersonell mot å ta rusmidlar dei siste åtte timane før arbeidstida startar. Forskrifta slår fast at helsepersonell ikkje på noko tidspunkt i løpet av arbeidstida må ha høgare konsentrasjon av rusmiddel i blodet enn tilsvarande 0,2 promille alkohol.

Fylkesmannen og Statens helsetilsyn ser alvorleg på at helsepersonell misbruker rusmiddel. Verksemda til helsepersonell krev ferdigheter og høg kompetanse innan kommunikasjon og samhandling. Evne til å observere og vurdere komplekse situasjonar og handle raskt og adekvat i forhold til dette er i mange tilfelle ein føresetnad for å utøve forsvarleg helsehjelp. Misbruk av alkohol, narkotika og vanedannande legemidlar svekker situasjonsforståing, konsekvensinnsikt og evne til å ta raske beslutningar, og er derfor ikkje i samsvar med forsvarleg verksemd som helsepersonell. Dette har resultert i at fleire helsepersonell har fått tilbakekalt sin autorisasjon i Møre og Romsdal.

**Kontaktperson: Ass. fylkeslege Cato Innerdal, tlf.:71 25 86 36, 926 21 245**

### **Utfordringar for Helse- og sosialavdelinga i 2013:**

***Samhandlingsreforma med fokus på:***

***-Folkehelse***

***-Volum og kvalitet på tenestene i kommunar og helseføretak.***

***-Omsorgsplan. Prosjekt som skal vidareførast til 2015: Tilbodet til barn og unge***

***Barnevern- styrking og tilsyn***

# Kommunal- og beredskapsavdelinga

**Leiar: Kst.direktør Helge Mogstad, tlf 71258444/92642280, [helge.mogstad@fylkesmannen.no](mailto:helge.mogstad@fylkesmannen.no)**

## Særs stram kommuneøkonomi i Møre og Romsdal

Fylkesmannen er bekymra for den svake kommuneøkonomien i Møre og Romsdal. Samla sett har kommunane det lågaste netto driftsresultatet i landet. Kommuneøkonomien står ovanfor fleire utfordringar i åra som kjem; lågare inntektsvekst, demografiendringar, høgare pensjonsutgifter og høgare rentenivå. Det gjer det naudsynt for mange kommunar å omstille eller kutte i tenesteproduksjonen. Vi er bekymra for kva det vil seie for omfanget og kvaliteten på tenesteproduksjonen.




Mange av våre kommunar er registrert i Robek (register over betinga kontroll og godkjenning ) Kommunar i Robek er underlagt strengare statleg kontroll og oppfølging frå fylkesmannen si side. Ved inngangen av 2012 var det 10 kommunar i Møre og Romsdal i Robek. Det var gledeleg at Kristiansund, Midsund og Sande vart meldt ut av Robek gjennom året. Vanylven kommune vart meldt inn. I 2011 var det 13 kommunar som gikk med underskot. Signala vi har fått frå mange kommunar er at 2012 òg var eit vanskeleg år økonomisk sett.


I 2012 har fylkesmannen besøkt alle Robek-kommunar og hatt møte med politisk og administrativ leiing. Fylkesman har ei tett oppfølging av Robek-kommunane, og denne oppfølginga skal halde fram i 2013.

Låge resultat og gjeldsoppbygging gjer at kommunane må kutte i tenestene eller innføre eigedomsskatt for å skape ein berekraftig økonomi.

Netto driftsresultat er sett på som hovudindikatoren for den økonomiske situasjonen til kommunane. Netto driftsresultat er overskotet, eller underskotet, etter at tenestene og gjelda er betalt av årets inntekter. Vi tilrår at netto driftsresultat over tid er minst tre prosent av inntektene for at kommunane skal ha ein berekraftig økonomi og at kommunane sin formue skal oppretthaldast. For kommunane i Møre og Romsdal har netto driftsresultat dei fem siste åra vore på under éin prosent. Aukra kommune har dei siste åra hatt like stort overskot som dei 35 andre kommunane til saman.



Gjeldsgraden til kommunane i Møre og Romsdal er høgare enn landsgjennomsnittet (utanom Oslo). Slik har det vore over fleire år, og dei siste åra har kommunane her i fylket lånt meir enn landsgjennomsnittet. At gjelda aukar kan vere eit symptom på ein stram kommuneøkonomi, og at kommunane er nødt til å låne pengar fordi dei ikkje har eigenkapital. Ved høgare gjeldsgrad vert det mindre pengar igjen til å produsere tenester.



Økonomien til kommunane i Noreg står ovanfor fleire utfordringar. Det er varsla lågare inntektsvekst gjennom statsbudsjetta for åra som kjem grunna uroa i internasjonal økonomi. Samtidig er det venta ein høg vekst i pensjonsutgiftene som følgje av låg rente og høg lønsvekst. Rentenivået er historisk sett lågt, og ved

renteheving vil kommunesektoren få høgare renteutgifter. I tillegg har mange kommunar brukt refundert meirverdiavgift (momskompensasjon) frå investeringane sine til drift av tenestene. Etter ei regelendring må kommunane framover bruke momskompensasjonen til investeringane. Alle disse faktorane gjer at det er naudsynt for kommunane å effektivisere tenesteproduksjonen i åra som kjem.

**Kontaktperson: Rådgivar Martin Gjendem Mortensen, tlf 71 25 84 40**

## Søkelys på samfunnets sårbarheit

Fylkesmannen skal arbeide for at det i fylket finst eit felles, heilskapleg risiko- og sårbarheitsbilde og at kommunar og fagstyresmakter analyserer og handterer risiko og sårbarheit innanfor sine ansvarsområde.

Medan 2011 vert hugsa for krisene og den store katastrofen, har 2012 først og fremst vore gjennomgangen, granskinga og ettertankens år. 22. juli-kommisjonen sin rapport, rettssaka og kvar og ein sine erfaringar og refleksjonar etter terroråtaka 22. juli 2011 har danna grunnlag for den mest gjennomgåande diskusjonen av norsk beredskap nokon gong. I litt mindre skala, men også viktig, sette ekstremvêret Dagmar betimeleg søkjelys på samfunnet si sårbarheit overfor naturkreftene.



*Dagmar avslørte samfunnets sårbarheit.*

Lærdomen frå desse hendingane må omsetjast i tiltak og handling på mange plan. Mange tiltak er av teknisk karakter og kan gjennomførast raskt. Betre planverk for samhandling mellom politiet og

Forsvaret og betre batteribackup i basestasjonar i mobiltelefonnettet – berre for å nemne to eksempel som har fått mykje merksemd. Fylkesmannen har likevel merka seg at 22. juli-kommisjonen sine viktigaste tilrådingar gjeld andre, mindre målbare forhold: evna til å erkjenne risiko og å ta lærdom av øvingar. Dette er ein heilt avgjerande føresetnad for at alle andre tiltak skal ha effekt, og fylkesmannen skal i 2013 ha risikoerkjenning som gjennomgangstema for

all verksemd innanfor samfunnstryggleik og beredskap.

**Kontaktperson: Fylkesberedskapssjef Ketil Matvik Foldal, tlf. 71 25 84 83**

## ROS for Møre og Romsdal

Fylkesmannen og fylkeskommunen har i 2012 samarbeidd om å gjennomføre ein heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse for Møre og Romsdal (FylkesROS-Møre og Romsdal). Analysen skal vere grunnlag for ein regional delplan og inngå i prioriteringsgrunnlaget for kommunane og regionale styresmakter som har oppgåver og ansvar innanfor samfunnstryggleik og beredskap.



Første utgåva av FylkesROS- Møre og Romsdal blir ferdigstilt i 2013. Samfunnskritiske infrastrukturar og funksjonar som kraftforsyning, samferdsel, vatn- og avløp og trygge areal er sentrale analyseobjekt i første utgåva. I åra som kjem skal FylkesROS- Møre og Romsdal kontinuerleg reviderast og utvidast med nye analysetema.

**Kontaktperson: Rådgivar Renate Frøyen, tlf. 71 25 84 15**

## Fylkesmannen med initiativ til nasjonal beredskapsplan for fjellskred

Sidan 2004 har det blitt etablert og vidareutvikla døgntinuerleg overvaking og beredskap for tre ustabile fjellparti i Møre og Romsdal: Åkneset og Heggurdaksla på Sunnmøre og Mannen I Romsdalen. Beredskapen vart grundig testa og øvd i 2007 og 2008. Erfaringane frå øvingane var i sin tur eit vesentleg grunnlag for å lempe på arealbruksrestriksjonane i fareområda. Det vart konkludert med at overvaking og beredskap gjer at fjellskreda ikkje representerer uakseptabel risiko for liv og helse. Dei siste åra har Fylkesmannen i Møre og Romsdal teke initiativ til og leia eit arbeid med å få fastsett nasjonale retningslinjer for fjellskredberedskap. Ei arbeidsgruppe med medlemmer også frå Fylkesmannen i Troms, Åknes/Tafjord Beredskap, NVE, Politidirektoratet og politidistrikta i Møre og Romsdal og Troms har utarbeidd eit utkast til ein nasjonal beredskapsplan for fjellskred. Planen er no overlevert til NVE for nasjonal forankring. Når planen er endeleg vedteken, vil han bli lagt til grunn for ein hovudrevisjon av det lokale fjellskredberedskapsplanverket i Møre og Romsdal og ei ny stor øving av fjellskredscenario – sannsynlegvis i 2014 eller 2015.

**Kontaktperson: Fylkesberedskapssjef Ketil Matvik Foldal, tlf. 71 25 84 83**

## Ny versjon av Geografiske informasjonssystem (GIS) tatt i bruk

GisLink ([www.gislink.no](http://www.gislink.no)) er ei nettbasert kartteneste som er open for allmenn bruk. GisLink vert drifta av fylkesmennene og fylkeskommunane i Møre og Romsdal og Sør-Trøndelag og gir oppdatert informasjon til kommunar, regional forvaltning, private verksemder og ålmenta. Tenesta inneheld kart- og faginformatjon frå heile landet, men nokre tema er spesielt tilrettelagt for Møre og Romsdal og/eller Sør-Trøndelag. Ein heilt ny versjon av GisLink vart teken i bruk i 2012.

**Kontaktperson: Rådgivar James Holtom, tlf. 71 25 84 39**

## Fortetting gir konflikter

Fylkesmannen er klageinstans for vedtak gjort i kommunane etter plan- og bygningslova. Dette gjeld klage på reguleringsplan, og klage på vedtak i byggesak. Fylkesmannen skal i si klagebehandling bidra til å sikre at måla for bygningspolitikken på best mogleg måte blir tatt i vare, slik desse er nedfelt i lov, forskrift og kommunenes arealplaner. Fylkesmannen ser at det i saker om fortetting av eksisterande busetnad blir til dels store konflikter. Dette gjeld i eldre etablerte bustadfelt der det gjerne ligg igjen ei tomt som ikkje har blitt utbygd. Når tomte blir kjøpt opp av utbyggingsfirma som ynskjer å auke utnyttinga av tomte ved å oppføre bygg med fleire bueningar, skaper dette til dels stor konflikter med naboane som ofte opplever å miste tilvendt utsikt.

**Kontaktperson: Seksjonssjef Janne Woie, tlf 71 25 84 38**

## Klager reguleringsplan

Fylkesmannen har i 2012 behandla 32 saker om klage over vedtak om kommunal godkjenning av reguleringsplan. Tala for 2011, 2010 og 2009 er 47, 38 og 25. Kommunestyrets vedtak om plangodkjenning er stadfesta i 18 av dei sakene som er behandla i 2012. 9 saker vart endra/oppheva, medan planvedtaket i dei resterande 5 vart delvis stadfesta og delvis endra/oppheva. Der klager er tatt til følge, er dette i det vesentlege på grunn av manglar ved kommunens saksutgreiing og avgjersgrunnlag eller at planane ikkje var tilstrekkeleg eintydige.

**Kontaktperson: Seksjonssjef Janne Woie, tlf 71 25 84 38**

## 160 klager på byggesaker

Fylkesmannen er klageinstans for kommunane sine vedtak etter plan- og bygningslova. I 2012 har fylkesmannen behandla 160 klager etter byggesaksdelen .

I bygningsmeldinga regjeringa la fram 15.06.12, er det sett fokus på at byggereglane skal bli enklare. Mellom anna skal det bli enklare å utføre arbeid på eksisterande bygningar. Også for bygging av våtrom skal reglane er blitt enklare.

**Kontaktperson: Seniorrådgivar Linn Hilde Haukeberg, tlf. 71 25 84 25**

## 33 trudoms- og livssynssamfunn i Møre og Romsdal

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har totalt 33 registrerte trudoms- og livssynssamfunn pr. 01.01.2013. 27 av trudomssamfunna er registeret med forstandar som har vigselfrett. Heile 14 av dei registrerte trudomssamfunna er Pinse- meinigheiter. Møre og Romsdal har tre muslimske trossamfunn.

Statstilskottet pr. medlem for registrerte trudomssamfunn var i 2012 på kr 404,-  
I 2012 er det samla utbetalt kr 1.603.880,- i statstilskott.

**Kontaktperson: Rådgivar Tove Røberg, tlf 71 25 84 45**


## 6 millionar til fri rettshjelp

Fri rettshjelp er ei statleg ordning for å sikre advokathjelp til personar med låg inntekt.

Ordninga inneber at einslege med årleg bruttoinntekt på under kr **246.000** og ektefellar/sambuarar med samla årleg bruttoinntekt på under kr **369.000**, har rett til dekning av advokatutgifter i eit utval sivile saker. Nettoformuegrensa er satt til kr **100.000**.

Dei mest sentral sakområda er **Familiesaker** (felleseigeskifte/økonomisk oppgjer etter sambuarskap og saker etter barnelova). **Personskadeerstatning, klage etter folketrygdlova, oppseiing av arbeidsforhold og leieforhold** etter arbeidsmiljølova og husleigelova.

Det er i tillegg høve til å søke om fritt rettsråd på alle saksområde etter unntaksreglar, og dømme på slike saker kan være barnevernssaker, gjeldssaker og sosialsaker.



Ordninga har og nokre saksområde som ikkje er økonomisk behovsprøvd. Døme på slike saker er: klage i asylsaker, erstatning for urettmessig straffeforfølgning og bistand til personar utsett for vald.

I 2012 har Fylkesmannen i Møre og Romsdal handsama 613 nye saker vedkommande fritt rettsråd (utanomrettsleg bistand) og 62 saker om fri sakførsel

Fylkesmannen totalt utbetalt **kr 6.006.130,-** gjennom ordninga med fri rettshjelp i 2012. Av dette beløpet er **kr 598.190,-** salær for kontrollkommisjonen.

**Kr 415.570,-** av beløpet er utgifter til tolk, i hovudsak asylsaker. Resterende

**Kr 4.992.370,-** er salær til advokater i fritt rettsråd saker.

**Kontaktperson: Rådgivar Tove Røberg, tlf 71 25 84 45**

## Søknad om oskespreiing dobla frå i fjor

Auka tal på søknadar om løyve til oskespreiing i 2012

Fylkesmannen i Møre og Romsdal har i 2012 handsama 40 søknadar om løyve til spreiiing av oske for vinden. Dette er nær ei dobling i forhold til 2011 då det vart avgjort 23 søknader.

Løyve til oskespreiing er avgrensa til å gjelde for opent hav eller på høgfjellet. På fjellet føreset ein at området der handlinga skal utførast, har eit aude preg, at det ikkje er turstiar, vasskjelder eller hytte eller fritidsbusetnad på staden.

Dei fleste sakene er førehandsøknader der søkjar sjølv ber om løyve til spreiiing av oske etter død og kremasjon. Nære pårørande kan og søke på avlidnes vegne. Det må då godtgjerast at den avlidne sjølv har hatt eit klart klart ynskje om spreiiing av oska. Ynskje om oskespreiing kan vere skrevne dokument, eller at fleire nær pårørande, kan stadfeste at avlidne har ynskja spreiiing av oske for vinden.

**Kontaktperson: Rådgivar Tove Røberg, tlf. 71 25 84 45**

## Brukar lovlegkontroll til politisk omkamp

Lovlegkontroll etter kommunelova skal vere ein tryggleiksventil for eit mindretal i eit politisk utval til å få prøvd dei lovmessige sidene av vedtaket utan å måtte bringe saka inn for rettsapparatet. Denne ordninga er ikkje meint å brukast til ein politisk omkamp. Fylkesmannen ser i litt for stor grad at denne ordninga blir brukt til ein omkamp der ein har lidd politisk nederlag, og utan at dei lovmessige sidene av vedtaket er framheva.

Talet på lovlegkontrollar er aukande samanlikna med i fjor. I 2012 har fylkesmannen handsama 11 lovlegkontrollar. I 2 av sakene har fylkesmannen funne at vedtaket er ulovleg. I 4 av dei 11 sakene gjaldt spørsmålet habilitet.

**Kontaktperson: Kst.direktør Helge Mogstad, tlf 71 25 84 44/926 42 280**

## **Verjemålsreforma – fylkesmannen blir lokal verjemålsstyresmakt 01.07.13**

Nokre av oss er ikkje fullt ut i stand til å ta vare på våre eigne interesser, og treng hjelp til mellom anna å styre med økonomien, avtalar og elles ting som er naudsynt å ta stilling til for å leve eit normalt liv. I Møre og Romsdal har ca 2500 personar oppnemnt hjelpeverje. Dette personar som anten er unge, eller fordi dei har mista denne disposisjonsevna.

I dag får desse personane oppnemnt ein verje av dei kommunale overformyndaria. Overformyndaria i Møre og Romsdal forvaltar til saman ca 390 milloner kroner

For å styrke rettstryggleiken for denne gruppa, er det bestemt at dei kommunale overformyndaria skal leggst ned, og at fylkesmannen i staden skal overta denne oppgåva frå 1.juli i år.

Sjølv om staten skal overta som ny verjemålsstyresmakt, er det viktig at dei som i dag er oppnemnt som verje/hjelpeverje held fram med dette. Mange av dei gjer ein framifrå jobb for den enkelte, og ein stor innsats for samfunnet som opplever at denne viktige rolla blir tatt hand om av heilt vanlege kvinner og menn. Reforma skal sørge for at verjemålet skjer med respekt for den enkelte person si verdigheit og integritet innanfor eit lovverk som er tilpassa vår tid og harmonisert med viktige konvensjonar på menneskerettsområdet. Verjemålsreforma er soleis også ei verdireform. Endeleg ligg det føre målsetting om å byggje opp ei effektiv og profesjonalsert verjemålsforvaltning.

Gjennom heile året i 2012 har fylkesmannen førebudd denne reforma, og vi har hatt eit svært godt samarbeid med dei kommunale overformyndaria.

Den største utfordringa på dette området er å kome i kontakt med alle verjene for å gje dei opplæring og støtte i det viktige arbeidet dei gjer. Vi legg også stor vekt på å behandl dyktige verjer samt å rekruttere nye.

**Kontaktperson: seksjonssjef Janne Woie, tlf: 71 25 84 38**

### **Utfordringar Kommunal-og beredskap 2013**

*Fullføre risiko-og sårbarheitsanalyse for Møre og Romsdal (FylkesROS). Arbeide for auka risikoerkjening hos alle med oppgåver og ansvar for samfunnstryggleik og beredskap i Møre og Romsdal.*

*Innføring verjemålsreforma.*

*Rettleie kommunane om å tilpasse drifta slik at utgiftene samsvarer med inntektene.*

## Miljøvernavingdelinga

**Leiar:** Miljøverndirektør Lindis Nerbø, tlf 71 25 84 24/932 81 588, [lindis.nerbo@fylkesmannen.no](mailto:lindis.nerbo@fylkesmannen.no)

Vi har mykje miljø å ta vare på i Møre og Romsdal. Fylkesmannen si rolle er kort sagt å medverke til å gjennomføre den nasjonale miljøvernpolitikken i fylket.

Møre og Romsdal er eit fylke med stor aktivitet, både i næringslivet og med mange utbyggingar og vegprosjekt. Fylkesmannen handsamar kvart år om lag 1100-1200 planar og dispensasjonar. Det er mange konfliktfylte saker, mellom anna knytt til strandsona og til kjøpesenteretableringar utanfor sentrumsområda. Dei fleste konfliktsakene vert løyst på regionalt nivå.



*Strandsøppel på Smøla, juni 2012.*

Vi har og eit stort trykk på forureiningssakene, både når det gjeld fiskeoppdrett, industri, skipsverft, avfall og støy. Fylkesmannen har ansvaret for meir enn 200 utleppsløyve til fiskeoppdrett og 130 konsesjonar til landbasert industri. Konsesjonshandsaming og tilsyn er dei høgast prioriterte oppgåvene. I 2013 vil vi mellom

anna ha fokus på avlaupsreinsing i dei største byane og å redusere vidare spreieing av miljøgifter frå forureina grunn og sjøbotn.

Vi har 223 verneområde i fylket og desse krev skjøtsel og anna oppfølging, mellom anna knytt til søknader om dispensasjonar. I 2012 har vi hatt eit toppår når det gjeld utarbeiding av forvaltningsplaner for verneområda, og nådde målet om 20 nye planar. Utfordringar i verneområda er mellom anna gjengroing, spreieing av framande artar og tap av truga plante- og dyreartar.

Naturmangfaldlova frå 2009 har gitt oss nye verkemiddel til å ta vare på naturarven. Dette gjeld mellom anna utvalte naturtypar og prioriterte artar. Naturtypen slåttemark er viktig i Møre og Romsdal og det er registrert over 200 lokalitetar. Det har dei siste par åra vorte utarbeidd skjøtelsplanar for 107 av desse slåttemarkene. I 2012 vart det utbetalt 1,3 millionar i tilskot til skjøtsel på 75 av desse lokalitetane. Kystlynghei er ein annan naturtype som vil krevje skjøtsel framover.

Fylket vårt er av dei som har vore hardast ramma av lakseparasitten *Gyrodactylus salaris*, og vi har tunge oppgåver knytt til å bekjempe denne parasitten, både i Rauma kor det etter plana vil bli ny behandling i år, og i Driva-regionen kor det er planlagt ei fiskeperre for å kunne behandle elva seinare.

## Fylkesmannen med nye tiltak for å sikre naturarven

2012 har vore eit krevjande år med å forvalte dei om lag 223 verneområda som fylkesmannen har ansvaret for. Dette varierar frå små naturreservat på nokre ti-tals dekar til Geiranger-Herdalen landskapsvernområde på ca. 500 km<sup>2</sup>. Utfordringane står i kø, som gjengroing, spreieing av framande artar og tilbakegang og tap av truga plante- og dyreartar.

Forvaltinga av verneområda skal vere kunnskapsbasert, og det vert stilt stadig større krav til dokumentasjon i forvaltinga. Dette gjeld både for planlegging og gjennomføring av skjøtsel og andre tiltak. Fylkesmannen har i 2012 utarbeidd forvaltningsplanar for heile 20 naturreservat og fuglefredingsområde som støtte til dette arbeidet. Dette er ny rekord for fylket!

Fylkesmannen har gjennomført ulike skjøtels- og informasjonstiltak i om lag 40 av verneområda. Dette spenner frå oppsetting av informasjonstavler til større hogstar og reparasjonstiltak. Det er brukt om lag 3 mill. på dette, inkl. rydding etter Dagmar. Fylkesmannen samarbeider tett med Statens naturoppsyn om slike tiltak.

Størsteparten av midlane vert brukt til lokalt tenestekjøp frå grunneigarar og lokale entreprenørar. Nokre prosjekt er så kompliserte at ein må hente inn kompetanse utanfor fylket. Eit døme på dette er eit prosjekt som skal finne tiltak for å få til den opphavelige vassutskiftinga i Sandblåst-Gaustadvågen naturreservat i Eide og Fræna. Her har eit konsulentfirma rekna på fleire alternativ for å betre vassgjennomstrøyminga.

Fylkesmannen vil satse på nye tiltak mot igjengroing i 2013. Det skal hoggast meir sitkagran og andre framande artar, og vi vil få meir beite i dei verneområda som treng dette. Publikum skal merke verneområda ved betre skilting og annan informasjon, og det skal leggjast til rette der dette kan skje skånsamt. Runde ser ut til å bli eit satsingsområde i år.

**Kontaktperson: Seksjonssjef Ulf Lucasen, tlf 71 25 85 16**

## Store skader på verneområda

Orkanen Dagmar gjorde i romjula 2011 store skader på fleire av verneområda Møre og Romsdal. I ytre strok gjorde floa mest skader ved at det kom ekstreme søppelmengder langt inn på land. I indre fjordstrok skada Dagmar bygningar og felte skog.

Fylkesmannen søkte om ekstraordinære midlar til opprydding i verneområda, og fekk 1,5 mill over revidert nasjonalbudsjett. Satsingsområda vart Smøla, Aukra, Haram, Giske, samt på Runde. Vi starta søppelryddeaksjonar gjennom skolar, velforeningar og andre lokale lag, og det vart betalt ut ein liten dugnadskompen-sasjon. I Sør-Smøla vart avfallsryddinga gjort av grunneigarar og lokale firma. Til saman vart det gjennomført 16 ryddeaksjonar i regi av Fylkesmannen, og det vart også finansiert fjerning av større gjenstandar fire andre stader. Det vart også brukt midlar på reparasjon av parkeringsplassen på Runde.

Under aksjonen vart vedsekkar brukt til å samle plast, kanner, flasker og garnkuler. Større gjenstandar, nøter og tauverk vart skilt ut for seg, og det same gjeld olje og anna spesialavfall. Eit par-tre plassar måtte ein hente ut avfallet med helikopter. Nokre kommunar bidro til aksjonen ved å ta i mot søppelet gratis. Det vart også halde eigne strandryddeaksjonar i regi av kommunane og Statens naturoppsyn.

Ryddesaksjonane mobiliserte lokalbefolkninga og gav vernestyresmakta gode kontaktar. Det ligg framleis att mykje strandsøppel, så ein vil måtte fortsetje å rydde i 2013. Dagmar-arbeidet har vorte gjort utan ekstra ressursar til Fylkesmannen. Dette har vore krevjande, men den store lokale innsatsen har vore til stor inspirasjon. Fylkesmannen vil takke alle som hjelpte til.

**Kontaktperson: Seniorrådgjevar Ola Betten tlf 71 25 84 76**

## Fiskesperre i Driva

I 2012 har Fylkesmannen i samarbeid med Mattilsynet og Direktoratet for naturforvaltning slutført 1. del av oppdraget i samband med etablering av ei fiskesperre i Driva.

Det er funne ein egna stad i vassdraget for etablering av ei fiskeoppgangssperre. Saka har vore handsama etter Plan- og bygningslova og kommunen har godkjent reguleringsplanen. Det vil no vere opp til sentrale styresmakter å ta stilling til etablering av sperra. Med ei slik etablering vil parasitten oppstrøms sperra etter kvart forsvinne. Denne prosessen kan ta frå 7 til 10 år.

Det er og gjort undersøkingar kring etablering av ei mogleg elektrisk fiskesperre i Litldalselva. Det har i år blitt gjennomført ei grundig kartlegging av dei vassdraga i Rauma kommune som er smitta av *gyrodactylus-salaris*. Ein stor lokal innsats har bidratt til at ein no langt på veg har sikra det genetiske materialet, knytt til stadeigne fiskestammer, før ein kjemisk nedkjemping av parasitten.

**Kontaktperson: Seniorrådgivar Trond Haukebø tlf 71 25 84 27**

## Aksjon mot 20 verkstader

Som ein del av ein landsomfattande aksjon retta mot små verkstader gjennomførte Fylkesmannen i Møre og Romsdal tilsyn med 20 verkstader hausten 2012. Det var stort sett bilverkstader som fekk uventa besøk.

Hovudtema for aksjonen var handtering av farleg avfall og kjemikaliar og risiko knytt til dette. Farleg avfall frå verkstader er til dømes spillolje, andre væsker, blybatteri, malingsrestar og elektrisk avfall. Dei fleste verkstadene fekk avvik som må rettast opp. Risiko ved handtering av farleg avfall og kjemikaliar er ikkje berre knytt til det ytre miljø. Aksjonen var òg ein del av ein større risikoaksjon som vi hadde saman med andre tilsynsmyndigheiter som omfatta meir enn berre små verkstader. I Møre og Romsdal samarbeidde Fylkesmannen med lokalt brannvesen i 3 kommunar. Verkstadene som fekk samtidig besøk frå Fylkesmannen og brannvesenet, fekk mange gode tips til korleis dei kan redusere risiko.



*Ei rekke verkstader er kontrollert.*

På landsbasis viste det seg at mange verksemdar må gjere meir for å førebygge risiko. Av til saman 450 tilsyn var det mange som ikkje hadde oversikt over kva som kan utgjere risiko i deira verksemd. Dei har difor heller ikkje satt i gang nokre tiltak for å redusere moglege farlege situasjonar. Det viste seg òg at det er dei største verksemdene som jobbar best med førebygging. I Møre og Romsdal omfatta aksjonen berre eit fåtal av dei mange verkstadene i fylket.

Det var likevel nokre forhold som gjekk att:

- Alle verkstadene vi besøkte har avtale om levering av farleg avfall.
- Mange må få betre handtering av farleg avfall og kjemikaliar.
- Mange verkstader mangla oversikt over kva tid dei sist leverte olje frå oljeutskillar og tilstanden til nedgravne tankar.
- Mange av verkstadene treng å kartlegge risiko betre og gjere tiltak for å førebygge skader.

For alle verksemdar i Noreg er det tilgjengeleg meir informasjon om kva reglar som gjeld på regelhjelp.no, i tillegg gir miljøstatus meir god informasjon om til dømes farleg avfall:

<http://www.miljostatus.no/Tema/Avfall/Farlig-avfall/>.

**Kontaktpersonar: Overingeniør Anne Grete Kleven, , tlf: 71258477, Overingeniør Mattis Mikkelsen, tlf: 71258421**

## Fiskeforedlingsindustrien: Fleire anlegg med ulovlege utslepp

I Møre og Romsdal vart fleire verksemdar som foredlar fisk, kontrollerte i 2012. Kontrollaksjonen var organisert av Klima- og forureiningsdirektoratet og kontrollørar frå 10 fylke frå Vest-Agder til Finnmark deltok.

Utslepp frå fiskeforedling er regulert i forureiningsforskriftas kapittel 26 ” Forureiningar frå fiskeforedlingsbedrifter” eller i eit løyve som sett vilkår for utsleppa. Verksemdar med produksjonskapasitet over 75 tonn/døgn skal ha eige løyve. Dei viktigaste utsleppa frå foredling av fisk som verkar inn på miljøet, er utslepp av organisk materiale og lukt.

Resultata frå kontrollane i Møre og Romsdal skil seg ikkje frå anlegg elles i landet. Dei fleste av dei kontrollerte anlegga, har lovbrøtt knytt til reinseanlegga og utsleppskontroll til sjø. Kontrollen viste at mange av reinseanlegga ikkje fungerte tilfredsstillande, og at fleire anlegg hadde ulovlege utslepp til sjø. I tillegg var det ingen av verksemdene som kunne vise til eit tilfredsstillande og systematisk arbeid for kontinuerleg å redusere utsleppa til sjø.

Kontrollen viste òg at fiskeforedlingsbransjen har god kontroll på handtering av avfall frå eigen produksjon. Produksjonsavfall er å rekne som eit biprodukt.

**Kontaktperson: Senioringeniør Reidun Sofie Schei, tlf.: 71258511, seksjonssjef Linda Aaram, tlf**

### **Utfordringar Miljøvernavingdelinga 2013:**

*Bekjempe lakseparasitten gyrodactylus salaris i Rauma og planlegge fiskesperrer i Driva*

*Oppretthalde høg tilsynsaktivitet på forureiningsområdet. Aksjonar er aktuelle for bransjane kjemisk/elektrolytisk overflatebehandling, returmetall, avfallsdeponi og mottaksanlegg for farleg avfall.*

*Oppnå god avløpsreinsing i fylket, spesielt i dei største bykommunane.*

*Redusere omfang av forsøpling på land og i sjøen.*

*Redusere spreiding av miljøgifter frå forureina grunn og sjøbotn.*

*Høg fokus på bruk av Naturmangfoldlova*

*Etablere verneområdestyre for Reinheimen og ansette verneområdeforvaltar i Geiranger-Herdalen*

## Plan og areal

**Kontaktpersonar : samordnar Sveinung Dimmen tlf. 7125 8420, miljøverndirektør Lindis Nerbø tlf. 7125 8424, seksjonssjef Jon Ivar Eikeland tlf. 71 25 84 68**

Statistikken for 2012 viser at aktiviteten på plansida er stor. Samla tal på plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova er høgare enn for dei to føregåande åra.

### Konfliktområde nummer ein

Mange av sakene er både omfattande og krevjande, og skaper gjerne også stort lokalt engasjement. I fleire saker vil ulike typar interesser og verdiar måtte samordnast og vegast mot kvarandre, samstundes som nasjonale og regionale føringar vil kunne medføre utfordringar for det lokale sjølvstyret. Lovverket stiller her



*Kjøpesenteretablering, Furene i Volda.*

nye og utvida krav til Fylkesmannen både som sektormyndigheit og som samordnar.

Fylkesmannen har fleire roller og oppgåver innan planlegging etter plan- og bygningslova (pbl). Ei viktig oppgåve i planprosessar er å formidle nasjonal politikk. Fylkesmannen skal sjå til at nasjonale og regionale omsyn blir ivaretatt i planarbeidet, og elles også sikre at kommunale vedtak i plan- og byggesaker er i samsvar med gjeldande lovverk. Vidare har Fylkesmannen ansvar for behandling av klager på kommunale vedtak i plan- og byggesaker etter lova. Fylkesmannen har og rolle som meklar i plansaker der det ligg

føre motsegn.

Fylkesmannen sine prioriteringar innanfor planområdet i 2012 har m.a. omfatta:

- auka vektlegging på rettleiing og tidleg medverknad i planarbeidet
- tidleg og aktivt formidling av dei nasjonale forventningane og nasjonal politikk i den regionale og kommunale planlegginga
- medverke til at regionale og kommunale planar bygg opp under eit berekraftig utbyggingsmønster med vekt på ei samordna areal- og transportplanlegging og omsyn til klima
- medverke i arbeidet med kommunale og regionale planstrategiar
- aktivt følgje opp dei statlege planretningslinjene for strandsona
- opplæring i og rettleiing av kommunar og fylkeskommunar i naturmangfoldlova, og samanhangen mellom naturmangfoldlova og plan- og bygningslova

## Fleire vil ha dispensasjon

Fylkesmanen i Møre og Romsdal har i 2012 behandla til saman 1189 plan- og dispensasjonssaker etter plan- og bygningslova. Tilsvarende tal for 2011 var 1032, medan det for 2010 vart registrert 1123 saker.

Klagesaksbehandling i plan- og byggesaker lagt til kommunal- og beredskapsavdelinga er ikkje medrekna her.

Talet på plansaker samla har auka. I dette inngår både kommune(del-)planar, reguleringsplanar, regionale planar og kommunale planstrategiar. Hovudtyngda av plansakene er knytt til reguleringsplanar. Mange av desse sakene omfattar detaljregulering av små areal. I mange tilfelle har dette erstatta bruk av dispensasjon, noko som vi ser på som positivt. Vi registrerer elles at kommunane er blitt meir trygge på bruken av ny plan- og bygningslov som vart gjort gjeldane 01.07.2009.

Talet på dispensasjonssaker har samla sett auka i forhold til fjoråret, men variasjonane kommunane i mellom her er store. Årsakene til dette kan vere fleire og ulike. Ei utfordring for fleire av kommunane vil her vere kombinasjonane mellom stort utbyggingspress og mangel på oppdaterte planar. Mange kommunar slit elles både med kapasitet og kompetanse på planområdet.

### Plansaker og dispensasjonssaker etter pbl; samla oversikt 2010 - 2012

	2010	2011	2012
Reguleringsplan	459	480	496
Kommune(del)plan	36	37	48
Kommunal planstrategi	x	x	30
Regionale planar	-	-	6
Plansaker samla	495	517	584
Dispensasjonssaker samla	628	520	605
<b>Sum planar og disp.</b>	<b>1123</b>	<b>1032</b>	<b>1189</b>
Motsegner (tal planar)	39	62	63
Meklingsmøte	4	7	6
Planar sendt departementet	2	0	3
Klager - dispensasjonsøknader	18	18	21

Tabell: Behandla plansaker/ekspedisjonar hos FMMR 2010, 2011 og 2012.

### Kommunal planstrategi

Kommunane i Møre og Romsdal har utarbeidd kommunevise planstrategiar i løpet av året. Fylkesmannen har pr. 31.12.2012 fått tilsendt melding om oppstart, eller forslag til utkast til kommunal planstrategi frå 30 av fylket sine 36 kommunar. Dei kommunale planstrategiane som er sendt på høyring viser stor variasjon både i form og innhald. Viktige rammer og føresetnader vil her m.a. ta utgangspunkt i utviklingstrekk og utfordringar knytt både til samfunns- og arealutvikling, og til kommunal tenesteyting.

Plansituasjonen og planbehovet vil variere kommunane i mellom, og arbeidet med planstrategien vil ha dette som eit viktig utgangspunkt. Av planstrategiutkasta som er sendt på høyring ser vi at status for mange kommunar er «utdaterte» kommuneplanar – dette omfattar både samfunnsdelen og arealdelen av kommuneplanen. Behovet for revisjon og rullering av dei overordna planane er såleis stort. Vi ser også at dette er trekt fram som ei prioritert oppgåve i det vidare kommunale planarbeidet.

### Motsegner – på same nivå som fjoråret

Statlege og regionale organ kan fremje motsegn (innsigelse) mot kommunale planar som er i strid med nasjonale interesser.

#### *Motsegner fordelt på plantypar*

FMMR har i 2012 fremma motsegn til 63 planar (53 reguleringsplanar og 10 kommune(del)planar). Talet på motsegner er om lag på nivå med fjoråret (62 saker), men høgre enn i 2010 (39 saker). I høve til det samla talet på plansaker er det likevel relativt få motsegner. Av i alt 544 plansaker/-ekpedisjonar fordelt på kommune- og reguleringsplanar utgjør motsegnssakene 11,5%.

Til same plan kan det vere fremma fleire motsegner ut frå ulike fagområde. Dersom ein legg enkeltmotsegner til grunn, vil såleis talet vere høgare (jf. tabellen under).

Tema for motsegn	Kommune- og reguleringsplanar
Natur/miljø/landskap	23
Strandsone/friluftsliv	17
Landbruk/jordvern	11
Barn-unge	8
Beredskap/samfunnstryggleik/ROS-analyse	12
Støy/forureining	15
RPB/kjøpesenter	11
Planfagleg/anna	10
<b>Samla tal motsegner fordelt på tema</b>	<b>105</b>

Det er mange motsegner knytt til fagområda *natur/miljø/landskap* og til *strandsone/friluftsliv*. Høgt tal på saker knytt til strandsona har ofte samanheng med forventningar om at det skulle bli enklare å få bygge i 100 meters-beltet langs sjøen etter at det vart innført *Statlege planretningslinjer for strandsona* (SPR) frå 01.07.2011. Som ei vidare oppfølging og konkretisering i samband med dette har Fylkesmannen i Møre og

Romsdal etter mal frå Fylkesmannen i Hordaland utarbeidd eit sett med utkast til råd om naust i kommuneplan og reguleringsplan.

Motsegnssaker knytt til kjøpesenteretablering er ikkje så mange i talet, men er likevel ofte både komplekse og konfliktfylte. Fylkeskommunen har i *Regional strategiplan 2012 – 2016* for Møre og Romsdal varsla oppstart av ny *Regional delplan for senterstruktur* i 2012. Saman med *Rikspolitiske bestemmelsar (RPB) for kjøpesenter* vil dette gi viktige rammer og føringar for behandling av kjøpesentersaker.

Motsegner til fagområda *støy/forureining og beredskap/samfunnstryggleik/ROS* er oftast av meir "teknisk" karakter, og er gjerne knytt til manglande utgreiing/kartlegging i forhold til regelverket. Motsegn knytt til tema *barn og unge* omfattar særleg saker på reguleringsplannivå, medan motsegn knytt til *landbruk/jordvern* i første rekke omfattar overordna planar på kommunenivå.

## Tre saker til Miljøverndepartementet

Fylkesmannen i Møre og Romsdal (FMMR) har i 2012 hatt tre plansaker som er oversendt for avgjerd i Miljøverndepartementet (MD). FMMR har vore part i to av desse. For 2011 var det ingen slike oversendingssaker frå FMMR til MD. For 2010 var det to oversendingssaker, og med FMMR som part i ei av desse. Oversendingssakene i 2012 gjeld:

- Skodje kommune; reguleringsplan for Digernes næringsområde.
- Averøy kommune; reguleringsplan for Uran.
- Nettet kommune; kommuneplanens arealdel

Alle dei tre oversendingssakene er for tida til behandling i departementet.

## Fylkesmannen med 21 klager på kommunale dispensasjonsvedtak

Fylkesmannen kan gripe inn i kommunal arealforvaltning ved å klage på vedtak i kommunale dispensasjonssaker. FMMR har i 2012 behandla 605 dispensasjonssaker, fordelt på 508 saker knytt til dispensasjon frå kommuneplan og 97 saker knytt til reguleringsplanar.

FMMR har i 2012 fremma til saman 21 klager på kommunale dispensasjonsvedtak. Av totalt 605 søknader utgjør klagenes såleis berre 3,5 %. Dei fleste klagesakene omfattar saksområde knytt til strandsoneforvaltning og landbruk-/jordverninteresser.

## Mest konflikt rundt strandsone, kjøpesenter og større vegprosjekt

Fleire av plansakene er både komplekse og konfliktfylte, og krev tett oppfølging i form av møte og synfaringar. Strandsoneforvaltning og kjøpesenteretablering er eksempel på saker som utfordrar ulike interessegrupper som gjerne skaper stort lokalt engasjement. Fylkesmannen er meklingsinstans. Det har vore gjennomført 6 ordinære meklingar i løpet av 2012. Spørsmål knytt til strandsoneproblematikk har vore tema i fire av meklingane



*Strandsone, Skardsøya.*

Også andre utbyggingssaker vil utfordre ulike verdier og interesser. Dette kjem m.a. til uttrykk i større utbyggingssaker knytt til veg- og transport, der samfunnsverdier knytt til regional vekst og utvikling kan kome i konflikt med verdier knytt til landbruk, landskap, natur- og miljøvern. Eit eksempel på det siste er planane for Nordøyvegen over Fjørtofta i Haram kommune.

Planane for Nordøyvegen på Fjørtofta er i konflikt med leveområdet for hubro på øya. Veganlegget vil vere negativt for alle delar av hekkeområdet, og Fylkesmannen meiner

det er stor risiko for at det vil gå ut av bruk. Hubro er ein utrydningstrua art i sterk tilbakegang i Norge, og det er Fylkesmannens plikt å følgje opp dette etter Naturmangfoldslova. Hubro er klassifisert som sterkt truga i Norsk Raudliste 2010. Arten er og lista i Bernkonvensjonen, og dette inneber at Norge er internasjonalt forplikta til å ta vare på arten og leveområda. Dei viktigaste truslane mot hubro er kraftlinjer og fysiske inngrep. God arealplanlegging er difor viktig for å behalde viktige hekkeplassar. Etter Fylkesmannen si vurdering er ikkje krava i naturmangfaldlova § 12 om vurdering av alternative vegtraséar oppfylt. Fylkesmannen fremja motsegn mot reguleringsplanen for Nordøyvegen over Fjørtofta i oktober 2012. Saka vil bli vurdert på nytt etter at Statens vegvesen har lagt fram eit justert planutkast.

### Utfordringar for Planarbeidet i 2013:

***Formidling av nasjonale forventningar til regional og kommunal planlegging***

***Planfagleg oppfølging - tidleg kontakt med kommune og private utbyggarar***

***Samarbeid, rettleiing og erfaringsutveksling gjennom planforum og plannettverk***

***ROS-analyse – vekt på samfunnstryggleik og beredskap***

***Konfliktspørsmål knytt til strandsone og kjøpesenteretablering***

# Landbruksavdelinga

**Leiar:** Landbruksdirektør Anne Berit Løset, tlf 71258126/992 54 459, [anne.berit.loset@fylkesmannen.no](mailto:anne.berit.loset@fylkesmannen.no)

## Landbruksmelding viser retning for utviklinga av landbruket

I 2012 vart det lagt ned eit stort arbeid med landbruksmelding for Møre og Romsdal. Arbeidet har vore prega av brei involvering og grundige prosessar. Styringsgruppa hadde medlemmer frå fylkeskommunen, fylkesmannen og næringsorganisasjonane Bondelaget, Bonde- og småbrukarlaget og Allskog. Fylkesmannen har hatt ansvar for prosessar og produksjon i nært samarbeid med fylkeskommunen. I desember vedtok Fylkestinget landbruksmelding for Møre og Romsdal. Meldinga skal vere retningsgjevande for utviklinga av næringa på regionalt nivå og bidra til å styrke landbruket og landbruksbasert næringsutvikling i fylket. Det overordna målet i meldinga er at «Møre og Romsdal skal ha eit berekraftig og synleg landbruk over heile fylket». Dette inneber:

- Å auke mat-, trevirke-, energi- og tenesteproduksjon minst i takt med etterspurnaden. Auken skal i størst mogleg grad vere basert på lokale ressursar
- Beredskap gjennom trygg produksjon av landbruksvarer
- Rammevilkår som sikrar inntekt og rekruttering
- Eit mangfald av produksjonar og bruksstrukturar
- Å sikre produksjonsgrunnlaget, både areal og menneskelege ressursar
- Å styrke produksjonsmiljø og klynger



*Ein fin dag på fjellbeite.*

Landbruksmeldinga dokumenterer status og utvikling i landbruket dei siste åra: Møre og Romsdal er eit sterkt mjølk og storfefylke, med nesten 10 prosent av landet si samla mjølkekvote. Grovforbaserte produksjonar står for 92 prosent av verdiskapinga. Møre og Romsdal har dei siste 50 åra hatt stort fokus på oppbygging av skogressursane ved skogplanting og kultivering. Denne skogen kan dei neste 20 åra gje stor avkasting. Sidan tusenårsskiftet er talet på gardsbruk i fylket gått ned med 37 prosent og talet på mjølkeproduksjonsbruk er halvert. Dei siste ti åra har det totale jordbruksarealet gått ned med ca. 50 000 dekar, beite medrekna.

Stortinget har vedteke at norsk landbruksproduksjon skal aukast med 20 prosent innan 2030. I landbruksmeldinga er det sett konkrete mål og tiltak for mellom anna bevaring av produksjonsgrunnlaget, auka produksjon, meir beiting og forsterka rekruttering.

**Kontaktperson: Seniorrådgivar Synnøve Valle, 71258158, landbruksdirektør Anne Berit Løset, 71258126**

## Fylkesmannen opptatt av mat



**Fylkesmannen ønskjer samarbeid matprodusentar og reiseliv.**

Fylkesmannen ynskjer å legge til rette for auka samarbeid mellom landbruk og reiseliv, ved å bygge nettverk mellom matprodusentar og reiselivsaktørar som er opptekne av å kunne tilby lokale matspesialitetar av høg kvalitet.

Ved å samarbeide med reiselivet oppnår lokalmatprodusentane gode prisar, og tilpassa leveringsavtalar. Dei etablerte produsentane i Møre og Romsdal har god avsetnad på varene sine, og utvidingsplanar er meir regelen enn unntaket. Det er framleis ein del utfordringar for småskala matprodusentar når det gjeld distribusjon. Men her vert det arbeid med kreative løysingar på kort sikt, og meir effektive løysingar på lang sikt.

**Regionalt samarbeid** er stikkordet for mange av aktivitetane Fylkesmannen tilbyr sine målgrupper innan småskala matproduksjon og reiseliv.

-Praktiske kurs vert arrangert i samarbeid med Matnavet på Møre, som også dekkjer trøndelagsfylka.

-På Internationale Grüne Woche i 2013 deltek Møre og Romsdal saman med dei tre andre fjordfylka i eit eige prosjekt.

- Pilotprosjektet «Mat langs nasjonale turistveggar» er eit samarbeid mellom Oppland, Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal.

**Kontaktperson: Rådgivar Kirsti Indreide, tlf. 71 25 81 43**

## Stor interesse for nye investeringar

Det er stor interesse for nye investeringar i landbruket og mange av sakene er store. Gjennom Innovasjon Norge, Møre og Romsdal, har det vorte innvilga ca 28 mill kr i tilskot til 55 saker som gjeld tradisjonell bruksutbygging og ca 2,8 mill til 5 saker til bygdenæringar. Det er gjeve om lag 103,5 mill kr i rentestøttelån (brutto). Dette gjeld 41 saker og 40 av desse gjeld tradisjonell bruksutbygging. Det er avsett 2,8 mill kr til tapsfond i 12 saker.


For BU-midlane som er innvilga ved landbruksavdelinga er det løyvt tilskot til 31 saker. Samla tilskot er 4,98 mill kr. ( Då er storparten av inndregne midlar løyvt på nytt, ny tildeling i år var 4,42 mill kr)

**Kontaktperson: Fylkesjordsjef Ottar Longva, tlf. 71258125**

## Møre og Romsdal omdisponerar mest

Tala for KOSTRA (kilde: SSB) viser at det vart omdisponert i alt 609 dekar dyrka og dyrkbar jord i Møre og Romsdal i 2011 i høve plan- og bygningslova og jordlova. Dette er ein nedgang sett tala frå dei siste 5 åra under eitt. Denne utviklinga vert også gjenspegla nasjonalt.

Møre og Romsdal er, saman med S-Trøndelag, Nordland og Troms, likevel også i 2011 på topp på landsbasis



når det gjelder omdisponering av dyrka mark etter jordlova.

Bakgrunns materialet viser at det stort sett er omdisponert til bustadbygging og til anna landbruksførmål, dvs. landbruket sin eigen byggeaktivitet.

Utfordringa framover vil fortsatt vere å hindre at dei beste produksjonsareala blir delt opp og /eller omdisponert, for dermed å ta vare på det driftsgrunnlaget ei moderne landbruksnæring treng.

Tabellen visar omdisponert dyrka og dyrkbar jord i Møre og Romsdal perioden 2005-2011. Kjelde: Kostra.

**Kontaktperson: Fylkesagronom Kristin Eide, tlf 71258135/47879929**

## Biostigen avdekker stort potensiale

Etter oppdrag frå Landbruks- og matdepartementet fekk Fylkesmannsembeta i Møre og Romsdal og Sogn og Fjordane hausten 2008 oppdrag å opprette eit pilotprosjekt innanfor Bioenergi. Prosjektet er avslutta. Målet med prosjektet var at det skulle medverke til etablering av effektiv logistikk og lønsamme verdikjeder knytt til uttak av biobrensel frå skog, kulturlandskap og vegkant. Prosjektet har vore ein arena for kompetansebygging mellom næringsaktørar, verkemiddelapparat og FOU-institusjonar som Skog og



Landskap. Det er gjennomført fagturar, seminar, fagdagar og praktisk utprøving av ulike verdikjeder.

Resultata frå prosjektet viser at i vestlandsfylka har hogst av lauvskog det største potensialet som råstoff til produksjon av skogsflis til forbrenning i biovarmeanlegg, -så vel målt i økonomi som i brenselkvalitet. Produksjonsvolum og fliskvalitet er avgjerande parametarar for etablering av lønsamme verdikjeder. Fleire biobrenselanlegg i området vårt har høge

krav til kvaliteten på brenselet. Kva biobrennar som blir valt, er avgjerande for kva kvalitet skogsflisa må ha. Valet har og direkte samband med produksjonskostnaden på denne flisa. Mest avgjerande er kor fuktig skogsflisa er. Våre vêrtilhøve med fuktig sommarklima gjer det vanskeleg å oppnå kvalitet god nok for tørrflisanlegg. Nye anlegg bør derfor i større grad enn no vere konstruert ut frå den kvaliteten på brenselet det er kostnadseffektivt å produsere i vår region.

**Kontaktpersonar:** Fylkesskogmeister Kåre Kristen Totlund, tlf. 71 25 81 27; Fylkesskogsjef Harald Nymoen, tlf. 71 25 82 04

## Mykje tømmer etter Dagmar

Skogen i heile fylket var råka av stormen, men den gjorde mest skade på Sunnmøre. Det var plantefelta av gran som var mest utsett. Det er til no levert 160 000 m<sup>3</sup> med gran i fylket. Hovudmengda av dette er stormfelt skog. Godt over halvparten av tømmeret har gått til industrien i Trøndelag, medan resten er selt til Tyskland. Allskog, som er skogeigarforeininga i fylket, har stått for det meste av oppryddinga. Dei er i hovudsak ferdig med hogst av vindfall i Romsdal og på Nordmøre. På Sunnmøre står det att ein del, og mengda har vore stipulert til 100 000 m<sup>3</sup>. Delar av resterande vindfalltømmer er vanskeleg tilgjengeleg og vil bli tatt ut med taubane. Opprydding av vindfall er farleg, men det er ikkje kjent at det har vore personskadar her i fylket. Oppryddinga har blitt utført av profesjonelle entreprenørar med spesialiserte maskiner. Omlag 5 % av skogen er rydda av skogeigarane sjølv gjennom manuelt arbeid. Fylket blei tildelt 6,9 millionar i ekstraordinære tilskotsmidlar til oppryddingsarbeidet. Desse midlane er brukt til vegbygging og ekstraordinært driftstilskot til uttak av stormfelt skog (motormanuell felling og sikring). Sidan under 20 % av

skogeigarane i fylket har forsikra skogen sin har driftstilskotet vore viktig for å betre lønsemda i skogsdriftene. Erfaringane frå hogsten har vist at det blir mykje meir volum tømmer enn ein først trudde. Det skuldast mellom anna at mange attståande trær er svekka og at det er meir volum tømmer pr. areal. Ved hogsten er det òg søkt å tilpasse hogstflata til terrenget slik at ein unngår vindfall ved neste storm. Dei førstkomande åra vil det vere fare for nye stormfellingar med bakgrunn i svekka skog og mange eksponerte hogstkantar.

**Kontaktpersonar: Fylkesskogmeister Odd Løset, tlf. 71 25 82 12, Fylkesskogmeister Kristian Bergheim, tlf. 71 25 82 09**

## Tre-dobling av skogsveginvesteringa

Skogbruket har lenge slitt med dyre og lite effektive transportruter. Dette gjeld infrastruktur i skogen, begrensingar/flaskehalsar på det offentlege vegnettet og mangel på gode tømmerkaier/terminalar. Det er eit politisk mål å få meir transport over frå veg til kjøl. Det blei derfor i RNB blei løyvd 25 mill til utbygging av tømmerkaier langs kysten. Ansvar for gjennomføring blei lagt til samarbeidet vi deltar i gjennom Kystskogbruket. Frå Møre og Romsdal er det innsendt i alt 5 søknader som ligg til behandling i Statens Landbruksforvaltning. Desse er Ørstaterterminalen, Hellesylt, Sykkylven, Håjem i Skodje og Maloterminalen i Molde. Av desse er Håjemterminalen prioritert for tilskott i 2013. På det offentlege vegnettet er begrensingar på det kommunale vegnettet på aksellast og vogntoglenge største utfordringa, og det er stor forskjell mellom kommunane i kva grad dei er villige til å dispensere frå disse krava. Skogbruket er i sterk vekst i fylket etter som skogreisingssskogen er klar for hogst. Dette gir gode inntekter for skogeigarane. Investeringstilviljen blant skogeigarane er også stor. I 2012 er skogsveginvesteringane 3-dobla sett i forhold til tidlegare år. Skognæringa i fylket tapar likevel store inntekter jamført med andre regionar i landet på grunn av høgare transportkostnadar på det offentlege vegnettet frå skogen til foredlingsindustri.

**Kontaktpersonar: Fylkesskogmeister Odd Løset, tlf. 71 25 82 12, Fylkesskogmeister Kristian Bergheim, tlf. 71 25 82 09**

## Gode avlinger – sterk nedgang i søknad om klimaerstatning



*Utsikt over Hustad.*

For dei fleste jordbruksvekstane har veret i vekstsesongen 2012 vore godt.

Når det gjeld korn, varierte avlingane mykje. Byggavlingane var store, særleg i indre strøk, medan både havre- og særleg kveite-avlingane vart mindre enn i normalåret.

Potetproduksjonen, som vi i all hovudsak finn i Sunndal, gav både store avlinger og god kvalitet dette året. Der er framtidstru i næringa, der er vilje til å satse vidare, og der er stadig nye planar under utvikling og gjennomføring.

Gulrotproduksjonen i fylket er mykje godt samla på Smøla. Avlingane var ikkje av dei beste dette året, noko den relativt seine og kalde våren må ta skulda for.

Bærproduksjon, og då i hovudsak jordbær, er ei viktig næring i mange bygder. 2012 var eit godt år for jordbær. Enkelte produsentar melder om rekordavling, og andre må mange år attende i tid for å finne like store avlinger som i 2012. Den kjølege sommaren gjorde også sitt til at kvaliteten på bæra heldt seg god heile sesongen, og i tillegg vart det oppnådd gode prisar, særleg på konsumbær.

Etter vekstsesongen 2012 er det hittil registrert berre 5 søknader om erstatning etter klimabetinga avlingsskade i heile fylket. Dei tre føregåande åra har vi fått inn over femti søknader i året, og i skadeåret 2011 vart det innregistrert heile 68 søknader om erstatning etter klimaskader.

**Kontaktperson: Rådgivar Magna Bergem, tlf. 71 25 81 37**

### **Utfordringar Landbruksavdelinga 2013**

***Oppfølging av mål og tiltak i landbruksmelding for Møre og Romsdal***

***Sikre dyrkajord som ressurs for noverande og framtidig matproduksjon***

***Betre infrastruktur i og ut av skogen***

***Regionalt ansvar for at tilskot på landbruksområdet vert forvalta og kontrollert i samsvar med overordna føresetnader og i høve til gjeldande lover og reglar.***

## Oppvekst- og utdanningsavdeling

Leiar: Utdanningsdirektør Alv Walgermo, tlf. 71258815/45225967, [alv.walgermo@fylkesmannen.no](mailto:alv.walgermo@fylkesmannen.no)



*Mykje midlar til samarbeid om barns oppvekst.*

### Regionsamarbeid er viktig for eit godt resultat

Fylkesmannen har gjennom fleire år stimulert dei fire regionane i fylket (Nordmøre, Romsdal, Nordre Sunnmøre, Søre Sunnmøre) til samarbeid innan barnehage – og skuleområdet. Kvar region har stor aktivitet og samarbeider om felles satsingar og prosjekt. Vi ser ofte at prosjektmidlar blir brukt betre og får større effekt når fleire kommunar går saman. I 2012 har vi løyvd mykje midlar til samarbeidsprosjekt. Fylkesmannen vil stimulere til slikt samarbeid også i åra som kjem.

**Kontaktpersonar: Utdanningsdirektør Alv Walgermo tlf. 71258815, Ass. Utdanningsdirektør Jørn Thomassen 71258064**

## Tilsyn i barnehagane avdekka mange lovbrøt

Fylkesmannen har også i 2012 gjennomført tilsyn med at kommunane utfører dei oppgåvene dei som lokal barnehagestyresmakt er pålagt etter barnehagelova. I 2012 er det gjennomført tilsyn med seks kommunar. Tilsynsystema har vore: Godkjenning av barnehagar (§10 i bhl.) og Rett til plass (§12a). I tillegg er det fokusert særleg på korleis kommunen som barnehagemyndigheit fører tilsyn med barnehagane (både kommunale og private), og om kommunen har kontrollert ulike krav i forskriftene om personalet (§17 styrar, §18 øvrige personale i barnehagen), politiattest og opplysningsplikt til barnevernet. Forskrift om pedagogisk bemanning har og vore tilsynsystema i 2012. I tillegg har også handsaming av regelverket knytt til dispensasjonar frå utdanningskravet vore del av tilsyna.

Det vart funne 6 avvik på dei 7 kommunane vi hadde tilsyn med.

Vi ser at kommunane arbeider systematisk med å opprette lovbrota som blir gitt. Dessuten samarbeider kommunar for å styrke kompetansen i både tilsynsmetodikk og forståinga av lov og regelverk, noko fylkesmannen har støtta gjennom prosjektmidlar.

### Tilstrekkeleg pedagogisk bemanning - ei felles utfordring!

For å oppfylle lovkrava knytt til pedagogisk bemanning, har aktørane i barnehagesektoren ei felles utfordring! Barnehageeigarar, kommunen og fylkesmannen arbeider saman med kompetansemiljø for å sikre nok og kompetent bemanning. Pedagogisk bemanning vil vere tema for fylkesmannen sitt tilsyn med kommunane også i 2013.

**Kontaktpersonar: Seniorrådgivar Maren Ørjasæter Aaland, tlf 71258455, Utdanningsdirektør Alv Walgermo tlf. 71258815**

## 235 tilsette har dispensasjon frå utdanningskrava

Møre og Romsdal har særlege utfordringar med å få nok kvalifisert personale i barnehagane. Det er om lag 235 tilsette i barnehagar som no har dispensasjon får utdanningskravet som førskulelærar. Dette er ei felles utfordring for sektoren og både kommunale- og ikkje kommunale barnehageeigarar må halde fram med å legge til rette for at tilsette i barnehagane kan ta utdanning. I tillegg er det viktig å iverksette ordningar som rettleiing av nytilsette i barnehagane. Fylkesmannen koordinerer og leier regionsarbeidet i prosjektet GLØD og vektlegg samarbeid med Høgskulen i Volda, i tillegg til kommunar og ikkje-kommunale eigarar.

### **GLØD – prosjektet betrar kvaliteten i barnehagen**

GLØD er eit prosjekt i Kunnskapsdepartementet frå 2011. Den overordna målsettinga er å styrke dei tilsette sin kompetanse i barnehagen, heve status for arbeid i barnehagen og auke rekrutteringa av barnehagelærarar til barnehagen.

GLØD har også ansvar for å gjennomføre Kunnskapsdepartementet si store rekrutteringskampanje for barnehagelærarar «Verdens fineste stilling ledig».

Det er etablert regionale nettverk med sentrale aktørar i alle fylke som primært skal bidra i det regionale arbeidet med rekrutteringskampanjen.

Fylkesmannen koordinerer og leier det regionale rekrutteringsarbeidet gjennom GLØD-nettverket.

### **Likestilling 2014**

Fylkesmannen leier og regional arbeidsgruppe for likestilling. I tråd med regjeringa sin handlingsplan for likestilling arbeider gruppa med å auke medvitet om likestilling i barnehage og utdanning. Arbeidsgruppa samarbeider og med GLØD-nettverket for å auke rekrutteringa av menn til barnehage og skule.

GLØD-prosjektet skal utforme ein heilskapleg kompetansestrategi for barnehagane, som skal leggest fram våren 2013 saman med stortingsmeldinga om framtidens barnehage.

### **Kvalitet gjennom regionale utviklingsarbeid**

Fylkesmannen er pådrivar for og støttar regionale utviklingsarbeid. Alle dei fire regionane i fylket har fått utviklingsmidlar til slik satsing. Eit stort dannelsingsprosjekt som er i gang i romsdalsbarnehagane, er eit eksempel på vellukka regionalt utviklingsarbeid.

**Kontaktperson: Seniorrådgivar Maren Ørjasæter Aaland, tlf. 71258455**

### **Større fokus enn nokon gong på mobbing – men mange kommunar sviktar**

Det har aldri før vorte fokusert så mykje på førebygging av mobbing og krenkande atferd som no. Gjennom dei siste års tilsyn med opplæringslova kap. 9a om elevane sitt psykososiale miljø, har vi sett at skular og skuleeigarar jamt over har gode planar. Dei har og blitt betre til å følgje opp planane med evalueringar. Det er viktig å halde eit sterkt fokus på dette då vi ser at krenkande atferd og mobbinga ikkje blir redusert, og skjer i ulike former som t.d. mobbing på nettet.

Mange kommunar har likevel ikkje oppfylt lovkrava på at ein ikkje har gjort formelle enkeltvedtak når foreldre har bedd om tiltak. Dessutan har gjerne fleire skular ikkje etablert eller hatt aktivitet i organ som skal sikre brukarmedverknad som t.d. Skulemiljøutval.

Fylkesmannen har dette skuleåret gjennomført oppfølgingstilsyn. Vi har hatt nye tilsyn med dei skulane/skuleeigarane som har fekk lovbrøt på tilsynet i 2010 for å sjå om dei arbeider i tråd med lovkrava. Resultata av desse tilsyna er oppløftande så langt. Fylkesmannen legg til grunn at dette viser at skulane og skuleeigarane arbeider langsiktig og målretta for å bli betre på dette området.


Vi har fått inn 10 klagesaker på kap 9a i oppl. om psykososialt miljø. Fleire av sakene blir sendt tilbake til kommunane for ny behandling på grunn av at sakene ikkje er godt nok utgreidd. I dei fleste sakene omgjer Fylkesmannen skuleeigarane sine vedtak i klageomgangen.

**Kontaktpersonar: Seniorrådgivar Ole Arne Opstad, tlf. 71258820, rådgivar Nicolai Støren, tlf. 71258039**

## Fleire får spesialundervisning

Den totale ressursbruken til undervisning har vore relativt stabil dei siste åra. Men det har skjedd ei omfordeling slik at meir av den totale ramma har gått til spesialundervisning – denne tendensen er forsterka også inneverande år.

Frå 2008-09 har det vore ein jamn auke i talet på elevar som får spesialundervisning. Førrige skuleår hadde 9,0% av alle elevane i grunnskulen i fylket enkeltvedtak på spesialundervisning, medan talet for skuleåret 2012-13 er: 9,3%. Dei tilsvarande tala for heile landet er: 8,62% og 8,57%. Tabellen nedanfor viser at enkeltvedtaksprosenten varierer frå kommune til kommune der den lågaste er på 5,8% medan den høgaste er på 13,3%.



Andelen av elevar som får spesialundervisning er lavast på trinna 1-4 i grunnskulen og aukar oppgjennom trinna. Det har vore eit stort fokus frå sentralt hald på kor viktig det er å sette inn tiltak for elevane på eit tidleg tidspunkt når behova blir avdekka, og om muleg snu trenden slik at ressursinnsatsen blir størst på dei lågaste trinna og at behova dermed kan bli mindre på ungdomstrinnet. Korleis bruke ressursane på ein best muleg måte, er ei stor utfordring for kommunar og skular i vårt fylke. Derfor ønsker fylkesmannen å støtte opp under arbeid som kommunar/skular gjer for å sjå korleis dei kan bruke ressursane på ein god måte som gir mest muleg effekt. Mange kommunar samarbeider om dette. Dei ser på organisering og rutiner for samarbeid internt på skulane t.d. i ressursteam, samarbeid og informasjon til foreldre og rutinar på samarbeidet mellom skule, pedagogisk-psykologisk teneste og skuleeigar. Fylkesmannen har også i 2012 gitt skjønnsmidlar til mange kommunar som arbeider med desse spørsmåla. Det er løyvd i alt ca 2 mill kr og knapt halvparten av kommunane i fylket er med.

**Kontaktpersonar: Seniorrådgivar Ole Arne Opstad, tlf.71258820, Ass. Utdanningsdirektør Jørn Thomassen, tlf.71258064, Utdanningsdirektør Alv Walgermo, tlf.71258815**

## Elevar får sjeldan medhald i klage på eksamen

I Møre og Romsdal var det i 2012 ein nedgang i talet klager på eksamenskarakterar i grunnskulen. Av dei 35 klageane på eksamenskarakter vart 27 karakterar ikkje endra. Åtte eksamenskarakterar vart heva, medan ingen karakterar vart sett ned etter klagesensur. Vi trur nedgangen i talet klagesaker i hovudsak skuldast god kvalitet i vurderinga. To viktige moment i kvalitetssikringa av eksamen er at ein ser til at det er erfarne sensorar i alle sensorgrupper og at alle sensorar deltek i den årlege sensorskoleringa. På denne vert sentralt utarbeidde vurderingskriterier gjennomgått og drøfta.

Vi ser også at det er ein nedgang i talet på klager på standpunktkarakterar i 2012. I 2011 var talet på klager på standpunktkarakter 101, mot om lag 80 klager i 2012. Av desse vart 44% av klageane avvist, medan 56 % vart sendt attende til skulen for ny vurdering. Vi ser at om lag 50 % av dei innkomne klageane gjeld karakterar i dei praktisk-estetiske faga, og at det i 30 % av desse er klage på standpunktkarakter i faget mat og helse.

**Kontaktperson: Rådgivar Annhild Lorentzen, tlf. 71258826, Seniorrådgivar Birgit Nes, tlf. 71258823**

## Vil ha betre elevvurdering

Utdanningsdirektoratet har starta ei fireårig nasjonal satsing som heiter «Vurdering for læring». Den overordna målsettinga i satsinga er å legge til rette for at skuleeigar og skular kan vidareutvikle ein vurderingskultur og ein vurderingspraksis som har læring som mål.



*Betre elevvurdering blir eit viktig satsingsområde.*

Nokre vidaregåande skular i fylket har allereie gjennomført satsinga, medan grunnskular i fylket har fått tilbod om oppstart no i februar 2013 og satsinga vil vare fram til juni 2014. Etter søknad er følgjande kommunale skuleeigarar/regionar i Møre og Romsdal plukka ut: Molde kommune/Midsund kommune, Fræna kommune, Ørsta kommune, Herøy kommune, Sunnmøre regionråd med ei samanslutting av ti kommunar, og Nettverk Nordmøre med ei samanslutting av fem kommunar. Av dei private skulane i fylket deltek Romsdal ungdomsskole (Molde), Åmås Friskule (Ørsta) og Bjørkedal Nærskule (Volda).

**Kontaktperson: Rådgivar Annhild Lorentzen, tlf. 71258826, Seniorrådgivar Birgit Nes, tlf. 71258823**

## Fråfallet skal reduserast

Det er framleis flest elevar på yrkesfaglege utdanningsprogram som avbryt vidaregåande opplæring. Dette er ein tendens som gjeld heile landet. Satsinga «Ny Giv» for auka gjennomføring i vidaregåande opplæringa starta i 2011 og held fram i 2013. I løpet av 2013 vil alle kommunane i fylket delta i prosjektet. Målet er ei tett oppfølging av dei svakaste elevane i siste delen av 10. trinn og i vidaregåande opplæring.

Det er ei intensiv opplæring der det blir lagt særleg vekt på å utvikle rekne-, skrive- og lese- og lesedugleiken til elevane i mindre grupper. På den måten får den enkelte meir oppfølging av lærarane.

I tillegg får minimum to lærarar frå kvar ungdomsskule og vidaregåande skule skolering i grunnleggande lese-, skrive- og rekneopplæring. Lærarane er svært fornøgd med skoleringa.

**Kontaktpersonar: Rådgivar Jorunn Øen Nesje, tlf 71258924, Utdanningsdirektør Alv Walgermo, tlf 71258815, 4522596**

## Lærarmangel vil true mange kommunar

Det er store lærarkull som går av med pensjon dei nærmaste åra, og det er behov for å rekruttere lærarar både i grunnskulen og vidaregåande opplæring. Rekrutteringskampanjen GNIST har i fleire år vore aktiv for å få rekruttert fleire lærarar. Den er organisert som eit partnerskap der involverte partar er med (lærerorgansiasjonane, KS, fylkeskommunen, kommunane, NHO, LO, Høgskulen i Volda, Fylkesmannen). Satsinga er omfattande og har i tillegg til lærarrekruttering tiltak som : omdømmebygging, rettleiing av nyutdanna lærarar, kompetanseheving med etter- og vidareutdanning samt rektorutdanning. Det er gjennomført ei rekke fellestiltak som utdanningsmesser, ut i jobb dag ved HVO, stand på yrkesorienteringsdagar m.m.

**Kontaktpersonar: Ass utdanningsdirektør Jørn Thomassen, tlf. 71258064, seniorrådgivar Liv Marie Opstad, tlf. 712588222**

### Utfordringar Oppvekst-og utdanning 2013

*Fjerne mobbing og krenkande atferd*

*Rekruttering til lærar og barnehagelærarket*

*Meir effektiv bruk av spesialundervisningsressursane*

## Administrasjon

**Leiar: Administrasjonssjef Hilde Aure, tlf. 71 25 84 31, [hilde.aure@fylkesmannen.no](mailto:hilde.aure@fylkesmannen.no)**

### Kongelig besøk

**Fylkesmannen har hatt tre besøk frå Kongefamilien dette året :**

Kronprinsparets fylkesbesøk 24.-26.mai: Kronprinsparet besøkte kommunane Stranda, Herøy, Hareid, Haram, Molde og Rauma.

Kronprins Haakon besøkte Atlanten vidaregåande skole i Kristiansund 25.9.2012 i høve opplæring i Global Dignity Day.

Kronprins Haakon opna Norsk Maritimt Kompetansesenter i Ålesund 8.11.2012.

### Kongens fortenestemedaljar

Statuttane for tildeling av Kongens fortenestmedalje er endra pr 30.3.2012.

Det er i år delt ut 15 Kongens fortenestemedaljar i sølv:

Per Fredrik Brun, Molde

Arne Dyrhol, Sande

Karl Hermann Walderhaug, Ålesund

Eldfrid Holen, Molde

Jon Bojer Godal, Halså

Oddmunn Andreas Brunvoll, Molde

Dagny Lovise Svendsbø Eide, Norddal

Gudveig Sollid, Volda

Perry Kåre Holen, Ålesund

Petra Oddrun Folkestadås, Ørsta

Aksel Hauge, Ulstein

Zdzislaw Kazimierz Lech, Midsund

Ottar Brunvoll, Molde

Aslaug Smoge, Norddal

Kjellaug Aarseth, Giske

### Apostille

Fylkesmannen er delegert oppgåva med legalisering av dokument for bruk i utlandet, det vil seie for dokument som skal nyttast i dei landa som har ratifisert Haag-konvensjonen av 5. okt. 1961.

Statistikk for dei tre siste åra:

2012	1908
2011	1686
2010	1666
2009	1502

## Statsborgarseremoni



Fylkesmannen har sidan 2007 arrangert ein årleg seremoni for nye norske statsborgarar frå heile fylket vårt. Talet på deltakarar har auka jamt for kvart år. I 2012 deltok 118 statsborgarar (34 %) på seremonien saman med sine gjester. (Landsgjennomsnitt er ca 20 %). Deltakarane representerte 34 land og kom frå 23 av kommunane våre. Årets seremoni blir 20.april.

**Kontaktperson: Seksjonsleiar Synnøve Ulleland, tlf 71 25 84 73**

## Kurs og konferansar arrangert av Fylkesmannen

Fylkesmannen har arrangert 109 kurs og konferansar med totalt 5788 deltakarar. Totalt sett er kursarrangement på same nivå som året før.

**Kontaktperson: Seksjonsleiar Synnøve Ulleland, tlf 71 25 84 73**

## Statlege tilskotsordningar utbetalt gjennom Fylkesmannen i Møre og Romsdal for 2012

Det er totalt betalt ut tilskott for kr 176.816.234 dette året.

**Oversikt over utbetalingane for 2012:**

Utbetalt til	beløp
Kommunane i Møre og Romsdal	165.606.011
Fylkeskommune	1.900.000
Organisasjonar og enkeltpersonar	5.778.997
Statlege etatar	2.178.419
Erstatningar	1.352.807
<b>Sum:</b>	<b>176.816.234</b>

**Kontaktperson: Rådgivar Erling Kanestrøm, tlf. 71 25 84 36**

